

## MØTEINNKALLING

---

**Organ:** SOGN REGIONRÅD  
**Møtestad:** Fylkeshuset, møterom Sygna  
**Møtedato:** 29.10.2021 **Tid:** 10:00 - 14:30

---

Eventuelt forfall skal meldast til telefon 57 65 25 60 - Varamedlemmar møter etter nærare avtale.

### Dagsorden

- 1000-1010 Ordførar Arnstein Menes ønskjer velkomen til Sogndal kommune  
Oppmøte  
Godkjenning av innkalling og sakliste  
Godkjenning av protokoll frå møtet 22. september 2021  
Handsaming av saker i Sogn regionråd
- 1145-1230 Lunsj
- 1230-1400 Fleire lære plassar i Sogn  
  
Sogn er god på lærlingar – korleis bli enno betre?  
Anne Kauppi, Sogn opplæringskontor  
  
Partnerskapsavtale for fleire lære plassar i Sogn: Kva er status? Kva er viktig framover?  
Sogn regionråd v /leiar Hilmar Høl  
Vestland fylkeskommune v/ Bekka Skaasheim  
LO Vestland v/ Roger Pilskog  
NHO Vestlandet v / Ann-Kristin Kristoffersen  
Runde rundt bordet
- 1405-1430 Opplevings- og besøkssenter med utgangspunkt i laksen – fellessatsing Norway's best og Nasjonalt villakssenter  
Alf Olsen jr, Nasjonalt villakssenter.
- 1430 Møtet slutt.

## SAKLISTE

---

Saksnr.	Arkivsaksnr. / Tittel
16/21	<b>21/2947-6</b> Programplan for System for styrka læring
17/21	<b>21/6917-1</b> Møteplan for 2022
18/21	<b>21/1091-7</b> Orienteringssaker

Sogndal, 22. oktober 2021

Hilmar Høl  
leiar

Karina Nerland  
dagleg leiar

## Sogn regionråd

Saksh.: Karina Nerland  
Arkivsak: 21/2947

Arkiv: 131

<b>Saksnr.:</b>	<b>Utval</b>	<b>Møtedato</b>
11/21	Sogn regionråd	18.06.2021
16/21	Sogn regionråd	29.10.2021
<b>Sak</b>	16/21	

### Programplan for System for styrka læring

#### Tilråding:

Sogn regionråd vedtek programplan for System for styrka læring 2022-2033 slik han ligg føre.

Programmet sitt mål er livsmeistring gjennom styrka tilpassa og inkluderande opplæring for alle, og dette målet blir teke inn i regionalplan for Sogn 2021-2024 som nytt delmål under tema kompetanse.

#### Vedlegg:

Programplan for System for styrka læring

#### Saksutgreiing:

##### Bakgrunn:

Sogn regionråd handsama programplan for System for styrka læring i møtet 18. juni og tilrådde kommunane å vidareføra programmet for 2022-2030. Det var før denne handsaminga vore brei prosess i kommunane sidan oppstarten av planarbeidet mai 2020. Programplanen vart sendt til kommunane for handsaming med frist 8. oktober 2021. Kommunane Aurland, Lærdal, Luster, Sogndal og Vik har meldt tilbake at dei ønskjer å halda fram samarbeidet om System for styrka læring. Årdal si handsaming kjem seinare. Høyanger handsamar planen 28. oktober.

##### Vurdering:

Vi har eit ambisiøst mål for barnehage- og skuleutvikling i regionen: «Livsmeistring gjennom styrka tilpassa og inkluderande opplæring for alle». Planen er eit direkte framhald av arbeidet med System for styrka læring, både når det gjeld samarbeidsformer og satsingsområde.

Programplanen legg opp til samarbeid om felles nasjonale og regionale satsingar, noko som gjer at vi kan styrke arbeidet gjennom deling og felles kunnskapstilleiing.

Samarbeidet på tvers av kommunane i Sogn styrkar arbeidet om barnehage- og skuleutvikling i kommunane. System for styrka læring er ein reiskap for kommunane. Det er kommunane som eig, styrer og er ansvarleg for barnehagar og skular. Utvikling, endring og tiltak i dei kommunale tenestene må difor vere administrativt og politisk forankra i kommunane. Programmet "System for styrka læring", programstyret og programleiar skal støtte og bidra til fagleg og organisatorisk utvikling i kommunane.

Barnehage- og skuleeigar må drive eit aktivt forankringsarbeid i eigen organisasjon. Det vil mellom anna seie å drøfta tiltak og satsingar lokalt, forankre det regionale arbeidet i egne planar og utviklingsmål.

I Sogn har vi ein lang tradisjon for samarbeid, og resultatene i barnehage og dei skulefaglege resultatene syner at samarbeidet gir gevinst. Barnehagane og skulane må uansett drive utviklingsarbeid, og investere tid og ressursar i dette slik arbeidsmodellen i programplanen viser.

Arbeidsgrupper vil bli sette ned for å utarbeide gode og aktuelle regionale fagnettverk ut frå evalueringar som er gjennomførde i denne planperioden, og som tek omsyn til kommunane sin tidsbruk til intern kompetanseutvikling og internt utviklingsarbeid.

Måloppnåing og gode resultat fordrar ein godt avklara og omforeint plan for kva som skal gjerast. Det blir utarbeidd årleg handlingsplan for det regionale arbeidet. Programstyret har møte i november og vil drøfta konkrete tiltak i handlingsplanen for 2022.

## Sogn regionråd

---

Saksh.: **Karina Nerland**  
Arkivsak: **21/6917**

---

Arkiv: **033 &85**

**Saksnr.:** Utval  
**17/21** Sogn regionråd

**Møtedato**  
**29.10.2021**

**Sak** 17/21

**Møteplan for 2022 Sogn regionråd****Tilråding:**

Sogn regionråd vedtek slik møteplan for 2022:

Regionrådsmøte:

28. januar

25. mars

26. april

10. juni

9. september

28. oktober

16. desember

Møte for interkommunale selskap:

22. april

21. oktober

**Saksutgreiing:**

Forslag til møtedatoar og – stader er:

28. januar, Høyanger

25. mars, Vik

26. april, Luster

10. juni, Årdal

9. september, Lærdal

28. oktober, Sogndal

9. desember, Aurland

Rådsmøta er lagt til fredagar, utanom møtet 26. april, som er same dag som entreprenørskapsmessa for ungdomsskulane. Møtestader elles i oversikta kan endrast.

Møteplanen er samordna med planen for Hardangerrådet for ev. samarbeid om førebuing av saker.

Sognatinget med felles formannskapsdag vil bli arrangert årleg for å styrka forankringa i det regionale samarbeidet. Næringskonferanse kan arrangerast som møteplass i tilknytting til Sognatinget.

Dei to møtedagane for interkommunale selskap er også lagt til fredagar:  
22. april og 21. oktober.

**Sogn regionråd**

---

Saksh.: **Karina Nerland**  
Arkivsak: **21/1091**

---

Arkiv: **062**

**Saksnr.: Utval**  
**18/21 Sogn regionråd**

**Møtedato**  
**29.10.2021**

**Sak** 18/21

**Orienteringssaker Sogn regionråd**

**Orienteringar og drøftingar**

1. Leiar
2. Samferdslegruppa
3. Innspel frå medlemane
4. Rådmannsgruppa
5. Administrasjonen
6. Fleire lære plassar i Sogn (vedlegg partnerskapsavtale)
7. Orientering om fellessatsing Norway's best og Nasjonalt villakssenter

**Skriv og meldingar**

1. Oppsummering etter samlinga i Flåm 20.-21.9.2021, PwC
2. Berekraftig verdiskaping – regional plan for innovasjon og næringsutvikling – innspel til handlingsprogram for 2022 frå Samarbeidsarenaene Hardanger-Voss og Sogn, 1.10.2021

# Partnerskapsavtale for fleire læreplassar i Sogn

## Bakgrunn og føremål

Kvar haust er det om lag 200 ungdommar som har behov for læreplass i Sogn. Fylkeskommunen har ansvar for vidaregåande opplæring og tilbodet for lærlingane. Kommunane skal styrke tilbodet til eigne innbyggjarar, og bidra til kompetansebygging og rekruttering av arbeidskraft som det er behov for i lokalt og regionalt arbeidsliv. Både for ungdommane, dei føresette og for bedriftene vil det vere tenleg å avklare læreplass så tidleg som mogleg. Dette vil verke motiverande for mange ungdommar å vite at det står "klar" ein konkret læreplass. Auka motivasjon vil vi vonleg sjå igjen i auka gjennomføring i vidaregåande opplæring, eit av dei viktigaste skule- og ungdomspolitiske måla i landet.

Sogn regionråd vil bidra til at det blir fleire læreplassar i kommunane og i private verksemdar. Regionrådet har som strategi at tilbodet i vidaregåande skule i regionen skal samsvara best mogeleg med det næringsliv, offentlege verksemdar, ungdom og utdanningssøkjande etterspør. NHO og LO vil bidra i samarbeidet med å forankra lærlingeordninga (fagopplæringa) i alle relevante bransjar, slik at det blir skaffa flest mogleg læreplassar til elevar som ønskjer det. Yrkesopplæringsnemnda er partssamansett og har særleg ansvar for å gi råd og uttale til hovudutval for opplæring i saker som vedkjem fag- og yrkesopplæringa. Yrkesopplæringsnemnda skal arbeide med rekruttering av læreplassar og lærlingar, og kvalitet i fagopplæringa.

Formålet med å arbeida gjennom partnerskapen er å samordne innsatsen slik at vi aukar tal læreplassar i Sogn og sikrar rekruttering av fagarbeidarkompetanse i arbeids- og næringsliv.

## Avtalepartar

Avtalen er mellom Vestland fylkeskommune, NHO Vestlandet, LO Vestland og Sogn regionråd med medlemskommunane Aurland, Høyanger, Luster, Lærdal, Sogndal, Vik og Årdal.

## Tiltak og samarbeidsområde

Dei viktigaste tiltaka og samarbeidsområda vil vera:

- kommunane deltek på samlingar om lærlingordninga
- temaet blir jamleg sett på dagsorden i regionrådet og i kommunane sine nettverk og samarbeidsfora
- LO og NHO deltek i samarbeidsforum saman med kommunane, fylkeskommunen og regionrådet
- LO og NHO profilerer og argumenterer fagleg for behovet for læreplassar overfor kommunane og verksemdene
- informera bedrifter om lærlingordninga for å få fleire bedrifter til å ta inn lærlingar
- informera ungdomsskuleelevar om moglegheitene som fag- og yrkesopplæringa gir og bidra til god rekruttering til yrkesfagleg utdanning
- synleggjera behovet for fagarbeidarar og gode yrkeskvalifikasjonar i arbeidslivet
- få fram betre og meir synlege overgangar frå yrkesutdanning til til lengre utdanning innanfor fagskule og universitets- og høøgskulesektoren
- styrka omdømme for yrkesfagleg utdanning
- fylkeskommunen gjer aktuell statistikk og analyse tilgjengeleg for å auke kunnskapsgrunnlaget om fagopplæring
- kommunane sitt mål er 2,5 lærling pr tusen innbyggjar
- arbeida for at det blir etablert samarbeid mellom lærebedrifter om læreplassar
- aktivt arbeide for at fleire arbeidstakarar tek fagbrev til dømes gjennom praksiskandidatordninga

### Organisering av samarbeidet

Partane etablerer tenleg samarbeidsstruktur. Partane innarbeider avtalen i sine planar og har ein jamleg dialog for å vidareutvikla samarbeidet. Partane skal syte for å:

- Sikre politisk/administrativ forankring i eigen kommune/organisasjon
- Informera aktivt i alle relevante ledd i eigen kommune/organisasjon
- Informerer kvarandre gjensidig i høve aktuelle arrangement og møte som gjeld arbeidet med å styrka lærlingordninga
- Bringe relevante satsingar inn i samarbeidet
- Bidra til å stilla til rådvelde nødvendige ressursar for å kunne gjennomføre planlagde aktivitetar

### Avtaleperiode og evaluering

Avtalen gjeld fram til 31.12.2022. Partane evaluerer føremål, tiltak og resultat og eventuelt justerer partnerskapsavtalen i det årlege møte.

21. oktober 2020



Lars Lunde  
Sogn regionråd



Bekka Skarshavn  
Vestland fylkeskommune



Roger Pilsby  
LO Vestland



Arne Kristian Kvaløen  
NIHO Vestlandet





Aurland  
kommune



Høyanger  
kommune



Luster  
kommune



Lærdal  
kommune




Sogndal  
kommune



Vik  
kommune




Årdal  
kommune




# “Frå ord til handling”

Oppfølgingsmøte 28.9.21




# Har vi ein omforeint ståstad?



- Regionsamarbeidet gjennom Sogn Regionråd har vore verdifullt og ein står sterkare samla
  - Positivitet til å vidareutvikle samarbeidet i Sogn regionråd
  - Regionplanen set rammer for samarbeidet og er vedteken i alle kommunestyre. Fleire av kommunane har likevel ikkje forankra innhaldet godt nok
  - Positivitet til å legge meir ressursar i regionsamarbeidet
  - Spesielt kommunane på sørsida av fjorden ønskjer eit sterkare samarbeid med Voss og Hardanger
    - Kor omfattande/forpliktande kan eit samarbeid med Voss/Hardanger vere?
    - Korleis stiller Sogndal/Luster seg til det?
- Høyanger er i randsona - korleis forholde seg til dette?

# Vi er samde om:



## **1. Forankring for regionalplan i kommunane er nødvendig for å sikre felles målbilde/ståstad**

Kommunedirektørar utarbeider felles sak til alle kommunane for å oppnå ny forankring for innhald i regionalplan og ressursbehov (innhald, nytteverdi, forslag til organisering og økonomisk fordelingsnøkkel bør inngå i saksframlegg).

Historiske resultat av regionråds- samarbeidet bør skildrast som ein del av bakteppe. Ein bør vurdere om det er formålstenleg å skilje informasjons- og bevilgningssak. Ein dedikert ressurs bør følgje opp koordinering og kommunikasjon med kommunane i nært samarbeid med leiar for rådmannsgruppa. Både politisk og administrativ toppleing i kvar kommune må ta eit ansvar for “intern omdømebygging” rundt regionrådssamarbeidet.

## **1. Innhald og organisering av eit evt. samarbeid med Hardanger/Voss må avklarast**

Det er behov for eit avklaringsmøte for å sondere vilje, mandat og grad av forplikting i eit eventuelt regionsamarbeid sørover

## **3. Praktisk oppfølging av regionalplanen**

Etablere og bemanne arbeidsgrupper som konkretiserer korleis ein skal jobbe vidare med satsingsområda i regionalplanen. Tydeleg rolle- og ansvarsdeling må på plass, og ein må sikre god nok forankring for arbeidet i alle kommunane.

## **4. Vi må utarbeide eit tydeleg mandat til næringsnettverket**

Det er behov for å klargjere roller og samarbeidsform i næringsnettverket, samt koordineringsrolla. Nært samarbeid med kommunane er viktig.

## **5. Informasjon og forankring for regionalplanen må skje i fleire miljø**

Det er behov for å utarbeide og gjennomføre medie- og kommunikasjonsstrategi: “Sogn har ein plan” - kommunane, innbyggjarane, næringslivet og utdanningsinstitusjonane må involverast i satsningane. Ein må utfordre næringslivet på korleis dei kan engasjerast meir. Ein kan etablere møteplassen for Sogn gjennom ein felles formannskaps- og næringskonferanse, f.eks. i tilknytning til Sogninget der samarbeid i Sogn vert eit hovudtema.

# Alternative retningar for organisering av regionalt samarbeid

## Kva retning går vi i? Kva geografiske omsyn må ein ta?

4

MÅL: Vi skal vera ein pådrivar for å gjera Sogn attraktiv for innbyggjarar, næringsliv og besøkande



Styrking av administrative ressurar i regionrådet?



Tenestekjøp frå etablert næringsapparat



Kvar kommune kvar for seg eller samarbeid i mindre fraksjonar



Prosjektbasert tilnærming - sak til sak

Kompetanseforum Vestland  
v/ Vestland fylkeskommune

## **Berekraftig verdiskaping - Regional plan for innovasjon og næringsutvikling. Innspel til handlingsprogram for 2022**

Samarbeidsarenaene Hardanger-Voss og Sogn har følgjande innspel til handlingsprogrammet for «Berekraftig verdiskaping – regional plan for innovasjon og næringsutvikling 2021-2033»:

### **Delmål 1 Rett kompetanse for framtida**

Samarbeidsarenaene meiner at i tillegg til næringslivet sine kompetansebehov burde kommunane sine kompetansebehov vore omtala i planen. Det er ein svakheit ved planen at den ikkje omtalar tiltak for å ta hand om det framtidige underskotet på arbeidskraft til helsefagområdet. Også offentleg sektor må sikrast tilgang på rett kompetanse som følgje av omstilling.

For å få kunnskap om kva som rett kompetanse for framtida treng regionane felles og gode kartleggingssystem og eit oppdatert datagrunnlag.

Nye og fleksible undervisningsmodellar må prøvast ut i eit samarbeid for å løysa framtidens kompetansebehov. Etablering av campus og utdanningshubar fleire stader vil gjera det meir attraktivt å ta utdanning. Ved å organisera utdanningane rundt slike kompetansesentra vil samhandling mellom utdanning og arbeids- og næringsliv bli styrka og vil gjera utdanningstilbodet meir tilgjengeleg for dei som bur i distrikta.

Vidaregåande skular i Sogn samarbeider om digital undervisning innan realfag og det vert arbeidd med å få til eit tilbod innan påbygg frå neste skuleår. Nettbasert undervisning må bli teken i bruk i større grad enn i dag på eit kompetansesenter/campus eller som rein nettundervisning. Kompetanseforum Vestland må i større grad retta fokus mot etablering av små fagcampus i distrikta. Tilrettelegging for vidareutdanning i arbeidstida må prioriterast frå arbeidsgjevarsida og i kombinasjon med økonomiske støtteordningar.

Endringar i samfunn, arbeidsliv, teknologi og næringsstruktur gir nye kompetansebehov. Fleire som allereie er i arbeidslivet vil trenge ny kompetanse gjennom heile livsløpet. Med endra karriereløp vil fleire etterspørje og ha behov for å ta utdanning nærare der dei bur. Tilbod om etter- og vidareutdanning så lokalt som mogleg vil vera avgjerande for at dei som bur i distrikta får den spisskompetansen som arbeids- og næringslivet treng.

Dei som står utanfor arbeidslivet må gjerast relevante for framtidens arbeidsliv. Innvandrere og ungdommar som har falle ut av vidaregåande opplæring og arbeidslivet må bli inkluderte i utdanning

og arbeidsliv. Fleire ufaglærte må få moglegheit til å ta fagutdanning slik at dei får brukt sine ressursar i arbeidslivet.

Arbeidet med å få fram karrieremoglegheitene i Vestland bør halde fram.

### **Delmål 2 Sikre tilgang på arbeidskraft**

Mangel på rett kompetanse er stor utfordring både i offentleg og privat sektor i Hardanger-Voss og Sogn. For å møte kompetansebehova i arbeids- og næringsliv bør utdanningane bli meir desentrale. Utdanningsinstitusjonane må i mykje større grad enn til no tilby samlings- og nettbasert undervisning. Vi bør sjå til andre regionar som har kome lenger enn oss og som tilbyr nye undervisningsmodellar, jf desentralisert utdanningstilbod på Helgeland. Tilbodet på campus kan rettast mot fagområde som vi har særleg mangel på i distrikta.

Forutsigbarheit i utdanningstilbodet blir viktig for at ungdommane skal velja utdanningsløp der dei bur.

Etablering av fleire desentraliserte etter- og vidareutdanningstilbod og fagskule- og høgskuletilbod vil skape attraktive buregionar og bidra til å gje arbeids- og næringsliv arbeidskraft med rett kompetanse.

### **Delmål 3 Samarbeid om regional kompetanseutvikling**

Tida er moden for å ta i bruk nye modellar for å sikre at fleire i distrikta får ta utdanning slik at vi kan nå målet om rett kompetanse for framtida. Eksisterande samarbeidsstrukturar mellom næringsliv, offentleg sektor og utdanningsinstitusjonane bør forsterkast. Slik kan behov og moglegheiter kome tydlegare fram og leggje grunnlag for å finne konkrete samarbeidsprosjekt og søkje prosjektfinansering. Fylkeskommunen har ei viktig samordningsrolle i dette arbeidet.

1. oktober 2021

Med helsing  
for Samarbeidsarena Hardanger-Voss

for Samarbeidsarena Sogn

Jostein Eitrheim

Karina Nerland